

Kvartalsrapport

3-2016



SpareBank  
HALLINGDAL VALDRES



# Kommentarar 3. kvartal 2016

## Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Egedomsmevling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutviking og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 88,9 mill. kroner. Dette er 16,3 mill. over resultatet per 3. kvartal i fjor.

## Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 91 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 85,4 mill. kroner som svarar til 1,29 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 23,5 mill. over tilsvarande periode i fjor, og ein del betre enn venta på grunn av eingongseffektar omtala nedanfor.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 116,1 mill. kroner og er på same nivå som tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,75 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,77 %. Det er hittil i år kostnadsført 3,6 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer  $\frac{3}{4}$  av årlig avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 87,4 mill. kroner mot 63,4 mill. i same periode i fjor. Den store auken skuldast fleire tilhøve. Visa Europe vart i 2. kvartal kjøpt opp av Visa Inc. Banken har som medlem av Visa Norge motteke ein andel av salssummen og det er ført som utbytte i kvartalsrekneskapan. Summen utgjer 5,5 mill. kroner. Banken vil i 2019 motta resterande del av salssummen i storleik 0,5 mill. kroner. Utbytte frå SpareBank 1-selskap utgjer til saman 22,3 mill. kroner så langt i år og er betydeleg høgare enn fjoråret.

Driftskostnadane per 3. kvartal aukar frå 91,6 mill. i fjor til 104 mill. kroner i år. Banken gjennomførte i 2. kvartal ein reduksjon i stillingar gjennom tilbod om sluttpakker. Kostnaden ved desse blir bokført fram til oppstartstidspunktet. Så langt i år er kostnaden ca. 3,8 mill. Mykje av kostnadsveksten elles er knytt til sentral drift i SpareBank 1-Alliansen.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 4,2 mill. kroner mot 4,6 mill. i same periode i fjor. Tapskostnaden har hatt ei positiv utviking dei siste åra og denne trenden ser ut til å halde fram.

I kvartalet er selskapet Samspar Bankinvest II AS avvikla. Dette selskapet, der banken hadde ein eigardel på 7,7 %, var eigar av eigenkapitalbevis i Bank 1 Oslo Akershus fram til dei vart seld til Sparebanken Hedmark i juni i år. Avviklinga av selskapet er rekneskapsmessig likestilt med realisasjon og dermed ført som salsgevinst. Avviklingsoppgjeret er bokført med ein gevinst på anleggsmiddel med 13,3 mill. kroner.

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 8,9 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har ein vekst på 3,8 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 3. kvartal i fjor på 649 mill. kroner eller 7,4 %. Banken har overført bustadlån for nesten 2,1 mrd. kroner til selskapet. Dette utgjer 22 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 70,8 % til privatmarknaden og 29,2 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 54,4 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang frå 83,3 mill. frå same tid i fjor. Misleghaldet utgjer med det berre 0,73 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 41,8 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

I samband med salet av aksjane i Bank 1 Oslo Akershus fekk banken 75 % av oppgjeret i form av eigenkapitalbevis i Sparebanken Hedmark. Transaksjonen er gjennomført i kvartalet og banken sin behaldning av motteke eigenkapitalbevis er bokført til kr 26,8 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 6,3 mrd. kroner, og er ein auke på 380 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3,7 mrd. på privatmarknaden og 2,6 mill. innafør bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 6,4 %. Utlåns- og innskotsutvikinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 85,9 % mot 84,3 % for eit år sidan.

Banken har per 3. kvartal 1,3 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,2 mrd. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 356 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

## Egedomsmevling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmevleren AS og har 15,9 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal og er ein utfordrar i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på 4,2 mill. noko som er 0,8 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene har god utviking og aukar med 2,2 mill. i høve til 3. kvartal i 2015 noko som utgjer ein vekst på 9,2 %. Så langt i år har selskapet omsett 440 egedomar mot 424 i same periode i fjor. Dette er det høgste talet i selskapet si historie.

## Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 51,5 årsverk og er med det ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 4 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på -3,2 mill. noko som er 0,1 mill. over tilsvarande periode i fjor. Kjerneverksemda – rekneskapsføring- viser ei positiv utviking i produksjonseffektivitet og verksemda er om lag der den skal vere samanlikna med andre. Selskapet har gjennomført mange tiltak på kostnadsida, men vil mest truleg levere eit minusresultat også for inneverande år.

## Andre verksemdar

Konsernet si egedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutviking AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS driv utleige til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutviking AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggnes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 3. kvartal på 0,3 mill. kroner. Dette er 0,7 mill. betre enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein egedom på Geilo for vidareutviking. Resultatet etter skatt per 3. kvartal er på -0,4 mill. kroner, noko som er 0,4 mill. svakare enn same periode i fjor. Resultatutvikinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal.

## Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 20,7 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 88,9 mill.

## Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 3. kvartal ei kapitaldekning på 17,09 %. For morbanken er kapitaldekninga på 16,32 %. Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen.

## Framtidsutsikter

Uventa høg prisvekst har medført at Norges Bank no signaliserer at renteboten er nådd. Det er framleis stor usikkerheit knytt til korleis rentebanen vil utvikle seg i tida framover. Sjølv om marknadsrenta er svakt stigande så vil dette ha mindre påverknad på vår rentenetto sidan innskotsdekninga er svært høg.

Aktiviteten i vårt marknadsområde er framleis høg og marknadsutsiktene – målt i bestillingar for vintersesongen - er svært gode. Me forventar at misleghald vil halde seg lågt og gje låge tap i tida framover.

Forventningane til årsresultatet ligg over fjoråret.

Hallingdal, 30.09.16/11.11.16

Kjell Vidar Bergo styreleiar	Kristin Ourom nestleiar	Sissel Bjørøen	Vidar Isungset
Odd Holde	Tore Østlund	Gro Lundby	Ellen Intelhus
Knut Oscar Fleten adm. Banksjef			

# Resultatrekneskap 3. kvartal 2016 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 15	3. kv. 15	3. kv. 16	30.09.15	30.09.16		30.09.16	30.09.15	3. kv. 16	3. kv. 15	Året 15
298 701	73 332	65 080	228 171	196 257	Renteinntekter og liknande inntekter	194 494	225 864	64 642	72 649	295 648
141 490	32 892	25 631	112 105	80 111	Rentekostnader og liknande kostnader	80 022	112 067	25 583	32 863	141 437
<b>157 211</b>	<b>40 440</b>	<b>39 449</b>	<b>116 066</b>	<b>116 146</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>114 472</b>	<b>113 797</b>	<b>39 059</b>	<b>39 786</b>	<b>154 211</b>
-823	-1 267	430	6 717	29 497	Utbytte og andre innt.av verdipapir med variabel avk.	33 587	20 520	8 250	3 942	27 103
70 883	17 527	18 050	53 220	54 054	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	54 054	53 220	18 049	17 527	70 883
5 936	1 525	1 580	4 269	4 565	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	4 565	4 269	1 580	1 525	5 936
2 612	-2 473	3 652	5 448	6 811	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	6 811	5 448	3 652	-2 473	2 612
3 565	599	413	2 296	1 621	Andre driftsinntekter	53 217	53 440	14 852	16 128	72 637
<b>70 301</b>	<b>12 861</b>	<b>20 965</b>	<b>63 412</b>	<b>87 419</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>143 104</b>	<b>128 359</b>	<b>43 223</b>	<b>33 599</b>	<b>167 299</b>
<b>227 512</b>	<b>53 301</b>	<b>60 414</b>	<b>179 478</b>	<b>203 565</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>257 576</b>	<b>242 156</b>	<b>82 282</b>	<b>73 385</b>	<b>321 510</b>
56 643	15 753	20 615	46 761	54 399	Personalkostnader	91 389	83 949	30 773	26 897	109 813
36 224	8 706	9 445	24 565	27 953	Administrasjonskostnader	28 415	24 085	10 175	8 475	36 009
4 065	1 032	1 140	3 006	3 375	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	9 165	10 070	3 059	3 331	16 416
24 940	5 749	5 647	17 226	18 275	Andre driftskostnader	25 152	25 493	7 110	9 026	39 143
<b>121 872</b>	<b>31 240</b>	<b>36 846</b>	<b>91 558</b>	<b>104 003</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>154 121</b>	<b>143 597</b>	<b>51 117</b>	<b>47 729</b>	<b>201 381</b>
<b>105 640</b>	<b>22 061</b>	<b>23 567</b>	<b>87 920</b>	<b>99 562</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>103 455</b>	<b>98 559</b>	<b>31 165</b>	<b>25 656</b>	<b>120 129</b>
6 332	-1 354	1 498	4 582	4 184	Tap på utlån, garantier mv	4 184	4 582	1 498	-1 354	6 332
45	0	-11 959	3	-11 985	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-11 985	3	-11 959	-293	123
<b>99 263</b>	<b>23 415</b>	<b>34 028</b>	<b>83 335</b>	<b>107 363</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>111 256</b>	<b>93 974</b>	<b>41 626</b>	<b>27 303</b>	<b>113 674</b>
26 393	7 498	6 650	21 498	22 000	Skatt på ordinært resultat	22 316	21 396	6 714	7 392	24 708
<b>72 870</b>	<b>15 917</b>	<b>27 378</b>	<b>61 837</b>	<b>85 363</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>88 940</b>	<b>72 578</b>	<b>34 912</b>	<b>19 911</b>	<b>88 966</b>
<b>72 870</b>	<b>15 917</b>	<b>27 378</b>	<b>61 837</b>	<b>85 363</b>	<b>Resultat</b>	<b>88 940</b>	<b>72 578</b>	<b>34 912</b>	<b>19 911</b>	<b>88 966</b>

## Nøkkeltal

MORBANK	3. kv. 16	3. kv. 15	Året 15	Norm 15 *
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,75	1,77	1,79	1,77
Driftskostnader i % av driftsinntekter	51,09	51,01	53,57	55,93
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,57	1,39	1,39	1,35
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,15	10,85	9,55	9,34
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,45	8,05	7,01	6,88
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	4,39	5,64	4,70	6,59
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	2 086 845	1 742 775	1 887 200	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	7,63	5,08	5,18	6,76
Innskotsvekst i % siste 12 md.	6,37	17,08	6,20	6,28
Innskot i % av brutto utlån	85,87	84,27	84,56	84,91
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	3,74	6,70	1,62	4,39
Likviditetsreserve i % (LCR)	108,00	76,00	81,00	
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	904 336	927 759	927 442	
Kapitaldekning i %	16,23	15,11	15,87	18,66
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	9,50	9,81	9,25	
Eigenkapitalprosent	12,76	12,35	12,31	10,20
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,56	0,68	0,63	0,61
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,06	0,06	0,09	0,13
<b>KONSERN</b>				
	<b>3. kv. 16</b>	<b>3. kv. 15</b>	<b>Året 15</b>	<b>Norm 15*</b>
Likviditetsreserve i % (LCR)	119,00	83,00	89,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	982 831	1 023 446	1 034 914	
Kapitaldekning i %	17,00	16,12	17,56	
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	10,30	10,71	10,23	

\* Bygger på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

## Dotterselskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	30.09.16	30.09.15	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.09.16	30.09.15	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	26 186	23 973	2 213	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	4 164	3 338	826
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	5 111	5 345	-234	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	1 033	173	860
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	408	-407	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-443	43	-486
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	28 228	29 375	-1 147	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	-3 248	-3 338	90
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	3 993	3 419	574	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-333	-596	263
Sum	<b>63 519</b>	<b>62 520</b>	<b>999</b>	Sum	<b>1 173</b>	<b>-380</b>	<b>1 553</b>

# Balanse per 30. september 2016 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
<b>31.12.15</b>	<b>30.09.15</b>	<b>30.09.16</b>	<b>EIGEDELAR</b>	<b>30.09.16</b>	<b>30.09.15</b>	<b>31.12.15</b>
74 737	74 672	70 181	Kontantar og fordringar på sentralbankar	70 181	74 672	74 737
363 553	425 020	393 311	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	393 343	425 109	362 463
7 087 917	7 090 766	7 402 259	Brutto utlån til og fordringar på kundar	7 297 319	6 992 580	6 979 894
-14 616	-18 065	-8 963	- Individuelle nedskrivningar	-8 963	-18 065	-14 616
-30 000	-30 000	-32 800	- Gruppevise nedskrivningar	-32 800	-30 000	-30 000
7 043 301	7 042 701	7 360 497	Netto utlån til og fordringar på kundar	7 255 556	6 944 515	6 935 278
19 082	19 299	15 482	Overtekte eigdealar	15 482	19 299	19 082
492 216	463 337	454 819	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	454 819	463 337	492 216
450 258	438 960	503 668	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	503 983	439 158	465 038
51 551	51 552	51 552	Eigarinteresser i tilknyttta selskap	140 400	153 460	144 409
38 459	40 186	37 782	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
7 051	8 846	7 051	Immatrielle eigdealar	11 248	19 866	13 774
15 184	14 961	15 566	Varige driftsmidlar	110 601	103 782	106 545
10 545	10 485	10 733	Andre eigdealar	29 295	25 997	33 043
21 232	25 273	21 009	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	46 851	52 536	43 393
<b>8 587 169</b>	<b>8 615 292</b>	<b>8 941 651</b>	<b>Sum eigdealar</b>	<b>9 031 759</b>	<b>8 721 731</b>	<b>8 689 978</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	100 000	100 000
5 993 581	5 975 388	6 355 992	Innskot frå og gjeld til kundar	6 344 846	5 964 777	5 978 157
1 328 745	1 326 115	1 204 468	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 204 468	1 326 115	1 328 745
67 276	43 171	67 540	Anna gjeld	75 876	46 533	73 674
18 563	71 084	47 511	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	52 239	83 826	23 608
21 627	35 164	25 450	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	27 288	38 053	23 457
<b>7 529 792</b>	<b>7 550 922</b>	<b>7 800 961</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>7 804 717</b>	<b>7 559 304</b>	<b>7 527 641</b>
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 458</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
132 867	82 820	132 867	Utjamningsfond	132 867	82 820	132 867
92 964	90 167	92 965	Grunnfondskapital	92 965	90 167	92 964
13 089	11 089	11 039	Gåvefond	11 039	11 089	13 089
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	88 848	87 316	104 960
-	-	-	Anna eigenkapital	-6 074	-	-
<b>238 920</b>	<b>184 076</b>	<b>236 870</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>319 645</b>	<b>271 392</b>	<b>343 880</b>
-	61 837	85 363	Resultat hittil	88 940	72 578	-
<b>1 057 377</b>	<b>1 064 370</b>	<b>1 140 691</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 227 042</b>	<b>1 162 427</b>	<b>1 162 337</b>
<b>8 587 169</b>	<b>8 615 292</b>	<b>8 941 651</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>9 031 759</b>	<b>8 721 731</b>	<b>8 689 978</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
668 063	663 995	609 944	Betinga forpliktingar	609 944	663 995	668 063

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>3. kv. 16</b>	<b>3. kv. 15</b>	<b>Året 15</b>
Brutto misleghaldne lån	54 393	83 269	76 899
- individuelle nedskrivning	8 840	16 968	13 842
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>45 553</b>	<b>66 301</b>	<b>63 057</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	-	1 284	1 309
- individuelle nedskrivning	-	751	377
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>-</b>	<b>533</b>	<b>932</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppenedskrivning	2 800	-	-
Endring individuell nedskrivning	-5 299	596	-4 543
Konstatert tap i perioden	9 531	4 442	8 734
Inngått på tidl.konst. tap	-2 848	-456	-889
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>4 184</b>	<b>4 582</b>	<b>3 302</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor:  
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,  
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES

